

Sluttrapport – Matre symjebasseng

BAKGRUNN INVESTERINGSPROSJEKTET

Arbeidet med rehabilitering – fornying - av teknisk anlegg knytt til Mate symjebasseng vart starta opp kort tid etter at bassenget måtte stengast før jul 2009 grunna stor luftfuktighet i bygget. Tilsynsrapport frå eksternt firma konkludert med:

Avfuktingsaggregatet er i en tilstand og alder som tilseier at det er modent for utskifting.

Masfjorden kommunestyre gjorde den 27.05.2010 som sak 039/10 følgjande vedtak:

Masfjorden kommune engasjerer fagkunnige til å prosjektere utskifting / oppgradering av avfuktingsanlegget i Matre symjebasseng. Prosjektet vert å kostnadsrekna og sett i verk innafor ei netto kostnadsramme på kr 1.000.000.

Rådmannen rapporterer til formannskapet om framdrift i prosjektet.

Det vart skrive kontrakt med Norconsult om å utgreie / planlegge nytt klimaanlegg for bassengrom, utarbeide rapport knytt til «ny» forskrift om badeanlegg, utarbeide forslag for nytt teknisk rom og utarbeide anbodgrunnlag for naudsynt arbeid. Innkjøpsprotokoll for dette arbeidet er vedlagt. Basert på tilråding frå konsulent gjorde Masfjorden kommunestyre den 09.12.2010 som sak 093/10 følgjande vedtak:

Masfjorden kommunestyre tar meldinga om forslag til endring av drifta ved Matre symjebasseng til orientering.

Det vert sett av 7,8 mill på investeringsbudsjettet til rehabilitering / fornying av teknisk anlegg ved Matre symjebasseng.

Kommunestyre ber rådmannen utarbeide anbodpapir og innhente anbod for å få endeleg kostnad for prosjektet. Rådmannen får fullmakt til å underteikne kontrakt innafor kostnadsramma på 7.8 mill.

Kommunen mottok planane frå Norconsult for rehabilitering av Matre symjebasseng på epost 28.01.2011 og fekk idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av Kulturdepartementet utan merknader i brev dagsett 04.04.2011.

Investeringsprosjektet vart lyst ut på Doffin 31.03.2011. Prosjektet var delt i 3 fagområder; (byggtekniske fag, elektro og VVS-tekniske anlegg) i alt 8 fag:

1. grunn- og betongarbeid
2. tømrararbeid
3. malerarbeid
4. murerarbeid
5. elektro
6. sanitær- og varmeanlegg (inkludert anlegg i sjø til oppvarming av Matre skule)
7. luftbehandlingsanlegg
8. vassreinseanlegg

Det vart halde tilbodssynfaring 28.04.2011 med frist for innlevering av anbud 10.05.2011. Tal tilbod for dei forskjellige faga er lista i tilbodssamanstillingane dagsett 19.05.2011 og 20.05.2011 . Desse samanstillinga må og sjåast på som innkjøpsprotokoll.

FINANSIERING

		Budsjett	<i>Budsj. 13</i>	<i>Budsj. 12</i>	<i>Budsj. 11</i>
02309	Nybygg	7 920 000		1 680 000	6 240 000
02490	Mva. komp	1 980 000		420 000	1 560 000
	SUM utgifter	9 900 000	0	2 100 000	7 800 000
08900	Overføring frå andre	-2 600 000			-2 600 000
09101	Bruk av lån	-4 500 000		-1 700 000	-2 800 000
09400	Bruk av kapitalfondet	-840 000			-840 000
09700	Overføring frå drift	-1 980 000		-420 000	-1 560 000
	SUM inntekter	-9 900 000	0	-2 100 000	-7 800 000

ADMINISTRASJON (jf 18.8 i økonomireglementet)

Det vart i samband med initiativ og forprosjektfasen sett ned eiga styringsgruppe. Faste medlemmer har heile tida vore ass.rådmann / rådmann Svein Helge Hofslundsengen, rådgjevar Anne Kristin Rafoss og fagarbeidar / ordførar Karstein Totland. Det er henta inn fagleg bistand frå Norconsult og Ingeniør Aarland AS. Styringsgruppa var aktivt med på alle møte som leia fram til val av entreprenørar for dei forskjellige faga. Det har ikkje vore møter i styringsgruppa gjennom byggeperioden.

Totland har vore prosjektleiar og hatt ansvaret for framdrift og rapportering fram til 01.11 2011. Prosjektleiaransvaret vart då munnleg overført til konsulent som slutførte prosjektet.

BYGGEPERIODE

Arbeidet starta opp hausten 2011. Kommunen stilte med eigne ressursar dei første månadane av dette prosjektet og haldt slik kostnadane ned. Prosjektet haldt framdriftsplanen i det meste av byggeperioden, men nokre av dei uforutsette hendingane tok noko tid å fikse.

I slutfasen var det mange fag involvert og fleire av dei var avhengig av kvarandre. Dette var ein utfordrande tid med mykje koordinerer. Sidan kommunal prosjektleiar var gått over i ny jobb, vart koordineringsansvaret lagt til konsulent. Ein mista då den daglege kontrollen og koordineringsmoglegheit som ein hadde i første del av prosjektet.

Det vart gjeve ferdigattest for tiltaka 29.03.2012.

SLUTTREKNESKAP

	Rekneskap	2014	2013	2012	2011	2010
01204 Kjøp av kopieringsten.	3 189,40				3 189,40	
02300 Utbetring bygningar	476 963,41				476 963,41	
02301 Utbetring anlegg	108 800,00				108 800,00	
02309 Nybygg	6 051 167,83		76 746,73	2 260 429,10	3 713 992,00	
02700 Prosjektering	301 150,20				114 045,00	187 105,20
03501 Tenester frå NGIR	28 078,86				28 078,86	
03700 Kjøp av ten. frå private	1 224 762,42				1 224 762,42	
03703 Einekavane AS	75 140,00			75 140,00		
04290 Merverdiavg. u mva-lova	2 064 219,28		19 186,68	581 642,29	1 420 501,51	42 888,80
Sum utgifter	10 333 471,40	0,00	95 933,41	2 917 211,39	7 090 332,60	229 994,00
09101 Bruk av lån	-7 676 571,82		-76 746,73	-1 700 000,00	-5 669 831,09	-229 994,00
09700 Overføring frå drift	-2 021 330,19		-19 186,68	-581 642,00	-1 420 501,51	
09800 Udekkta investering	-635 569,39			-635 569,39		
Sum finansiering	-10 333 471,40	0,00	-95 933,41	-2 917 211,39	-7 090 332,60	-229 994,00

Postar som inngår i anboda er:

- Kjøp av kopieringstenester
- Vedlikehald av anlegg
- Nybygg
- Prosjektering
- Del av kjøp av tenester frå private (konsulenttenester)

Summert opp vert kostnadane eks mva for desse postane 7,5 mill. Hovudavvik frå anboda er mindreforbruk på nybygg grunna at kommunen nytte eigene ressursar inn i prosjektet i startfasen. Lønsutgiftene deira er ikkje medrekna i investeringsprosjektet.

Dei postane som ikkje inngår i anboda er:

- Vedlikehald av bygning
- Siste del av kjøp av tenester frå private (konsulenttenester)
- Tenester frå NGIR (tømming av bosscontainer)
- Einekavane (utvasking av anlegget)

Summert opp vert kostnadane eks mva for desse postane 0,8 mill. Hovudsummen for posten vedlikehald av bygning er at alt flisarbeidet i strandsona i bassengrommet måtte leggst på nytt.

Det er søkt men endå ikkje innvilga tippemidlar. Difor er bruk av lånemidlar auka opp med forventna sum overføringa frå andre.

Sum udekka investering av prosjektet, jf note 10 i rekneskapen pr 31.12.2013, utgjør kr 384 669,31 etter at kr 250 899,69 vart dekkast inn i løpet av 2013. Udekka del av investeringsprosjektet med kr 384 669,31 må dekkast inn / finansierast gjennom handsaminga av sluttrapporten i kommunestyret.

OPPSUMMERT

Ved rehabilitering av eit bygg kan det dukke opp uforutsette ting som vert både ressurs- og kostnadskrevjande. Dette har vist seg å gjelde spesielt for rehabilitering av bassengbygg.

Dei fleste av slike uforutsette ting som dukka opp ved rehabilitering av Matre symjebasseng vart ordna med eigne ressursar og løna deira vart ført på driftsbudsjettet. Unnataket er flislegging i strandsona i bassengrom som måtte gjerast av fagpersonell og er ført som eigen post i rekneskapen. Eigne ressursar vart og nytta i sannerings- og oppstartsfasen og gjorde at kostnadane for arten nybygg vart lågare enn budsjettet. Denne innsparing er brukt på uforutsette ting.

Samla sett kjem rehabilitering av Matre symjebasseng ut med eit overforbruk på kr 433 471 sett i høve til justert budsjett, der innhenting av konsulenthjelp og utvask av bygget står for det meste av overforbruket.

Økonomireglementet pkt 18.13 står det blant anna:

Prosjektlear skal kontrollera at byggjearbeida vert utført innafor løyvingsramma, samt at byggjerekneskapen til ei kvar tid gjev full oversikt. [...]

Kommunen har innført elektronisk fakturahandsaming sidan økonomireglementet vart vedteke. Det er difor lettare no å sende faktura frå person til person innafor betalingsfristen. Kommunen har erfart at når kontering og attestering skjer av prosjektlear så har ein kontroll på om byggjearbeida vert utført innafor eller utafor løyvingsramma men ein har ikkje ein byggjerekneskap som gjev full oversikt sidan stort sett alle kostnadar vert ført på arten nybygg. Rådmannen foreslår difor at ein endrar rutinane rundt kontering av faktura for investeringsprosjekt slik at desse vert kontert av fagperson på rekneskap før dei vert sendt til prosjektlear for attestering.